STATUTTAR FOR HONORARFOND TIL FOLKEMUSIKK
§§

Valle sparebank, Valle, Bykle og Bygland kommune og Setesdal Spelemannslag har i samarbeid oppretta eit honorarfond for å stimulere aktivitetsnivået blant folkemusikkutøvarar, særleg yngre utøvarar.
Fondet er meint å dekke delar av honoraret i samband med folkemusikkrelaterte tilskipingar innan Bygland, Valle og Bykle kommune, slik at kostnaden for arrangøren såleis vert mindre.

KVEN KAN SØKJE OM TILSKOT?
Arrangørar med tilskiping innan Bygland, Valle og Bykle kommune kan søkje om tilskot frå fondet.
Dette gjeld privatpersonar, lag/organisasjonar og verksemder.
Offentlege organ/institusjonar kan ikkje søkje om tilskot.

RETNINGSLINER FOR TILDELING
Setesdal Spelemannslag, som administrerar fondet, definerer kva for utøvarar som kjem innafor ordninga.
Det er utarbeidd eigne honorarsatsar for ulike typar utøvarar.
For tilskipingar med unge utøvarar dekker fondet heile honoraret inntil 2500 kr, medan arrangøren må dekke det overskytande.
For tilskipingar med andre utøvarar er det ein eigenandel på 1/3 av totalt honorar, medan fondet dekker resten, avgrensa til 15000 kr.

SØKNAD OM TILDELING
Søknad om tilskot frå fondet skal sendast til HONORARFONDET TIL FOLKEMUSIKK.
Søknadene vert handsama fortløpande og tildeling skjer så lenge søknaden tilfredstiller retningslinene, og det framleis er midlar att i fondet.
Tilskotet vert utbetalt til arrangøren mot kvittering for utbetalt honorar.

For 2008 og 2009 var fondet på 75000 kr pr år – avgrensa innan Valle kommune.
Frå 2010 har Bykle og Bygland kommune gått inn med 25000 kr kvar, slik at fondet totalt er på 125000 kr, og gjeld for alle 3 kommunane.

§§§

Det skal utarbeidast ei brosjyre/utøvarbank til hjelp for arrangørar.
Søknader og spørsmål kan rettast til leiar for honorarfondet
v/Torleiv Løyland – 4747 Valle - tlf. 37936817 – 97708524.